



Black Watch mellom Flatholm og Skorpo måndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Litt før klokka 18 måndag passerte ein cruise-veteran på dei sju hav, Fred Olsens Black Watch, Uskedalen for sakte fart og fløyta tre gonger då han passerte Korsnes.**

**Det var noko spesielt med passeringa: Maskinsjefen er frå Uskedalen og dette var første gong han var innom heimstaden på denne måten.**

Maskinsjefen heiter Kjartan Stensletten og med sine 33 år er han svært ung til å ha ein så ansvarsfull stilling på ein cruisebåt.

Han er son til Ingunn og Knut Stensletten og har allereie vore 12 år i 'bransjen'. Og han har stolte cruise-tradisjonar frå bygda å byggja på: Det var ein annan cruise-maskinsjef frå Uskedalen som ordna jobb for han i 1997. Einar Pile i Royal Carribean!  
No har Kjartan vore halvtanna år hos Fred Olsen.

Black Watch har basen sin i Dover i England men båten er registrert i Nassau på Bahamas. No er han på fjordcruise i Noreg og kom frå Eidfjord måndag ettermiddag då han med Stensletten ombord beæra oss med ein populær visitt. Morgendagens mål er Skjolden.

Mannskapet ombord på Black Watch kjem frå mange kantar av verda og det er berre fire nordmenn blant dei. Det er 900 passasjerar denne gongen.  
Black Watch vart bygd allereie i 1972, har vore ombygd to gonger og har hatt tre andre namn-  
Båten er på litt under 30.000 brutto registertonn.

Av Ola Matti Mathisen



Black Watch rundar Korsnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)